



Klatreveggen er oppgradert og klar for aktiv bruk i haust og vinterhalvåret.

Klatregruppa i Uskedal Idrettslag har driftsansvaret for klatreveggen i Aktivitetshuset. Etter siste styremøte går gruppa ut med klatretider, dugnad og kurs. Alle er velkomne til å vera med på klatring, ute og inne, og med ulik vanskegrad. Medlemmer i Idrettslaget har høve til å vera med i veggen utan avgift. Ikkje medlemmer betaler kr. 30,- for å klatra/sikra.

Klatretidene i hallen ser slik ut:

- **Onsdagar kl. 18 - 20: Klatring for vaksne.** Ein av dei aktive i klatregruppa må vera med for opplåsing og ansvar for utstyr. Dersom ein er usikker, ta kontakt med Aleksander Vangen på mobil 916 21 349
- **Sundagar kl. 18 - 20: Klatring for vaksne utan faste klatrevakter**
- **Sundagar kl. 16 - 18: Klatring for alle med instruktør**

Det vert skipa til dugnad og oppstartkurs for nye klatrarar laurdag 20. oktober. Alle vil få innføring og opplæring i klatring med topptau. Det vert i hallen dugnad same dagen.

Aktive klatrarar vert oppmoda om å organisera andre aktivitetar som det å buldra og vera med på konkurransar. Tur til buldreområde i Børsdalen er eit fint tiltak

Det er utført oppgradering av klatreveggen i hallen og meir vert gjort ettersom økonomien tillet det. Det same gjeld for klatrefelta ute. Klatregruppa har før motteke kr. 100.000,- frå Sparebank 1 Stiftinga.

Styret i klatregruppe er: Chris Fossli, Tina Eik, Aleksander Vangen og Vigdis Gammelsæther.

Tekst/nett: Kristian Bringedal
Foto: Klatregruppa

